

Møtereferat

FAU

Sund ungdomsskule

Dato: 13.11.23
Møteleder: J. Håkonsund
Referent: J. Høyland



	Representant		Vara	
8A	Kine H Baardsen	x	Gry Kari Randem	
8B	Torstein Tøgard/ Kristin Tøgard		Mona Iren Hansen	
8C	Janne Kleppe Kalstad	x	Jimmy Kennet Håkonsund	
8D	Krister Turøy	x	Cathrine Nilsen Graue	
8E	Jannicke Høyland	x	Nina Lerbrekk	
9A	Lene Kvinge Lerøy	x	Kristine Marøy	
9B	Frøydis Wiers		Laila-Karin Rong	
9C	Elisabeth Telle Sellevåg	x	Eivind Ellertsen	
9D	Birgitte Kallestad	x	Sara Therese Bratland Giskegjerde	
9E	Ingvild Bessesen Eide	x	Janne Øvretveit	
10A	Helga Lokøy	x	Helene Wilhelmsen	
10B	Marianne Sand Soltvedt	x	Cecilie Hustvedt	
10C	Jarle Glesnes/Lena Jensen Glesnes	x	Anne Berit Mikalsen Melkevik	
10D	Jimmy Kennet Håkonsund	x	Ann-Kristin Håkonsund-Øistad	
Rekt.	Anne Hufthammer	x		
Rådg				

1: Godkjenning av innkalling og saksliste

Ok.

2: Bytte bank

Vi har lite pengar, og det meste går ut i gebyr – ca 1000 kr i året. Helga har gjort litt undersøkingar. Det vil ikkje koste noko å bytte til Sparebanken vest, og heller ingen gebyr der for lag og foreiningar. Helga gjer eit arbeid med å bytte bank.

3: Skuleball 30.11.23 – Vaktar

Elevrådet arrangerer juleball. Vi foreldrekontaktar må gjere arbeidet med å få på plass 4 vaktar. Fleire foreldrekontaktar som syns det er vanskeleg å få tak i vaktar – mange unnskyldningar. Det er viktig at dette er på plass, viss ikkje vert det ingen juleball. Klassekontaktane arbeider med saken. Namna må vere på plass helga før juleballet. Send namn på vaktene på mail til Jimmy.

4: Kva skal FAU jobbe med? Arbeidsgrupper?

- Gruppe for å få på plass sponsorar. Ansvarleg: Helga Lokøy (Fyller på med fleire i denne gruppa etter kvart.)
 - Det ligg inne eit forslag at kommunen går inn med 5 millionar til nytt uteområde. Om dette vert innvilga, har vi midlar til mykje av det vi ynskjer. Sotra vgs, skulle gjere eit lite arbeid i samband med utearealet, men dette har stoppa litt, pga nokre stolpar. ALF arbeider med å lage benkar ol
- Gruppe som arbeider for trygg skulevegen. Ansvarleg: Lene Kvinge Lerøy, Janne Kleppe Karlstad og Jimmy Håkonsund.
 - Kan det hjelpe å sende inn fleire brev på dette? I følgje den ny samfunnsplanen blir dette eit av lokalsenter for denne delen av kommunen. Det står at vi skal kunne komme hit trygt og godt og slik er det ikkje no. Kan vi klare å få til eit samarbeide med FAU på stranda, for å gjere noko med skulevegen. Kommunen har levert inn til fylke om at dette er ein prioritert strekning. Reguleringsplan mellom Skogsvåg og Vorland vedtatt og inn på transportplanen til fylket.
- Rutinegruppe. Ansvarleg: Elisabeth Telle og Jannicke Høyland.
 - få på plass alle rutiner og gjere den skriftleg og formelt. Få ut informasjon til nye foreldregrupper ol.
- Sosiale medier og haldningsarbeid: Ansvarleg: Lena Jensen Glesnes, Marianne Sand Soltvedt, Kine H. Baardsen og Birgitte Kallestad tar ansvar for denne.
 - Kva kan foreldregruppa gjere med dette?

Mål at alle gruppene er komen i gong med noko arbeid fram til neste møte – 22. januar.

5: Informasjon frå rektor

- Gjennomgong av kva skulen har gjort sidan sist:
 - kick off til prosjektveka – prosjektveka – framføring.
 - Gongane vart fornya i prosjektveka, med maleri på veggane.
 - Rosa dag og løp: Kledde seg i Rosa og hadde løp til inntekt for kreftforeininga og Håpet. Fekk inn 56 000, som vert delt mellom desse. Fekk også besøk av Tine Lopes frå Håpet, i etterkant av løpsdagen.
 - Elevrådet er aktive: Baker og har solgt muffins, har starta kiosk. Vore engasjert i rosa dag og Halloween. Arrangerer juleball. Har kjøpt eit kjøleskap til kiosken sin.
- Utviklingsarbeid: «vår tids skule»

Ny læreplan – må gjere noko for å nå desse måla. Ville derfor ha innspel frå elevar og føresette. Eit utval av elevar, 45 totalt, deltok i arbeid med dette. 13 føresette til stades på Workshop. 3 ting utpeika seg:

 - foreldra som ressurs: bruke dei inn mot undervisninga. Foreldre med på skuleturar. Kursing i digitale program slik at vi kan hjelpe borna våre. Gjerne organisere foreldremøta på ein annan måte.

-Skulen som møteplass: fleirkulturell kafé, pensjonistar, elevar og bygda gjer dette til en levande stad å vere.

- Ein meir praktisk skule – meir engasjerte elevar, gjev meir engasjerte foreldre. Dei tilsette har også kome med idear til deira draumeskule.

Skulen har landa på at det dei vil starta med er praktisk og elevaktiv undervisning – planleggingsdagen handla om dette. Lærarane er klar for å ta fatt på dette arbeidet. Kwart trinn har laga eit opplegg rundt dette, som skal evaluerast og vidareutviklast etter kvart. Skulen seier at dei kanskje må gjere noko med organiseringa – kanskje meir tverrfagleg, ikkje så mykje faginndeling. Skulen vil halde oss oppdatert. Mål: få meir motiverte elevar som lærer meir og som trivest. Lære seg å tileigne seg meir kunnskap på eiga hand.

-Innspel på at vi håpar skulen bruker oss foreldre.

- Skuletur 10. trinn: Ser ut til å bli i januar/februar. Er ute på anbud no. Dette er ute på anbud kvart år. Det er likt for alle 10. trinna i heile kommunen.

- Utanomhusplanen: Rektor gjekk gjennom planen for det nye uteområdet. ALF gjengen har laga 4 bord/benkar til skulen. Sotra VGS skal lage eit tak, men får ikkje begynne fordi der er ein stolpe i vegen. Det ligg inn forslag om 5 mill til dette prosjektet. Budsjettet skal vedtas 21. og 22. des. då veit vi om vi får midlar til dette prosjektet. Viss vi er heldig begynner dei med arbeidet i sommarferien 2024.

- Trafikksituasjonen:

Bringe- og hente situasjon – kaos på parkeringsplassen til dei tilsette. Dei som hentar elevar, skal gjere det i enden av banen – på parkeringsplassen der. Alle som hentar må få beskjed om dette. Forslag om å få opp eit skilt om dette. Er redd for at det skal skje eit uhell, for det er kaos med bilar her ute. Kanskje ha ein tilsett som passsar på i samband med at skilt vert sett opp.

Farleg skuleveg – arbeidet kring dette vil halde fram.

Tik tok og snapchat:

- Der skjer dessverre ting på Tik Tok og Snapchat som ikkje er greitt. Både med sal av alkohol og at elevar vert hengt ut på desse gruppene. Finn kanskje eit bilete av ein person som gjer noko dumt – og skriv ein dum kommentar med namn på ein elev. Der er mange elevar inne i desse gruppene, og det som ligg der er gjerne fake news – men elevane trur gjerne på dette. Gruppene er rapportert fleire gongar. Politiet er kopla på, for å drive førebygging, men dei har ikkje kapasitet. Det er mykje ungdomskriminalitet for tida, mykje steling – bør ikkje la ungdommen henge på Sartor. Alle må snakke med barna sine om dette, vi må drive holdningsarbeid overfor barna våre. Dette med sosiale medier er noko skulen står mykje i for tida, som skapar mykje meirarbeid for dei tilsette på skulen. Dette er ting som ofte skjer på fritida,

som blir med inn i skulekvardagen. Sund ungdomsskule er ein mobilfri skule, men når skulen er over og elevane har fått mobilane tilbake, hender det dessverre at ting vert filma, som gjerne ikkje burde vore filma.

- Hærverk på skulen: Har øydelagt pumpa på hovuddøra. Lister og treverk blir rive laus, ting blir putta i toalettet. Det er eit ynskje om å «pimpe opp» skulen, at den ser bra ut – at ikkje elevane har lyst til å øydelegge den.

6. Eventuelt

- FUG: (foreldreutvalet for grunnopplæringa) Spørjeundersøking gjennomført av Jimmy. Jimmy gjekk gjennom resultatane frå denne undersøkinga. Kva bør vi gjere for å få god kontinuitet – gjere som planlagt at vara rykkjer opp. Bør vi ha kursing for nye FAU medlemmer? Vi har mange rutinar, men ikkje nedskrivne rutinar. Forslag om å skrive ned for å lette arbeidet til dei som kjem etter. Kanskje ein film som bør visast på foreldremøtet, gjer kjennskap til FUG, og kva FAU arbeider med...

- Foreldrekontaktane oppfordrast til å informere om grupper som er laga på tik tok og snapchat som krenkar elevar på skulen. Oppfordre til haldningsarbeid.

